For nasjonalparker, andre store verneområde og samanhengande verneområde skal forvaltning skje gjennom eit interkommunalt nasjonalparkstyre eller verneområdestyre. Styra skal syte for ei heilskapleg samla forvaltning av verneområda på tvers av administrative grenser innafor ramma av naturmangfaldlova og verneforskrifta. Meir informasjon om styra finst her: <http://www.nasjonalparkstyre.no/Om-styrene/>

I brev av 02.09.19 ber Miljødirektoratet fylkeskommunen om å innstille nye representantar til nasjonalpark- og verneområdestyra som forvaltar verneområda i fylket:

Fylkeskommunen skal være representert med ett medlem fra fylkestinget/fylkesrådet, og bes om å innstille en kvinne og en mann blant fylkestingets/fylkesrådets faste medlemmer.

De kommunene/fylkeskommunene som er representert i flere nasjonalpark-/verneområdestyrer må innstille representanter til alle styrene hvor det framgår hvilket styre representantene er innstilt til. [...]

Miljødirektoratet vil så snart vi har fått svar fra kommunene/fylkeskommunene reoppnevne nasjonalpark-/verneområdestyrene på bakgrunn av forslagene som er kommet fra kommunene/fylkeskommunene. Miljødirektoratet vil følge anbefalingene fra kommuner/fylkeskommunene så langt det er mulig, jf. dog at sammensetningen av styret skal følge kravene til kjønnsfordeling i likestillingsloven § 28. Vi ber derfor også om at kommunene/fylkeskommunene angir om de innstilte representantene er ført opp i prioritert rekkefølge.

Prosjektleiar understrekar at Miljødirektoratet har bedt fylkeskommunen spele inn faste fylkestingsmedlemer som kandidatar. Dersom fylkestinget ønskjer å føre opp kandidatane i prioritert rekkefølge, bør dette presiserast i vedtaket (slik det er lagt opp til i forslaget til innstilling).

1.1. Breheimen nasjonalparkstyre

Breheimen nasjonalparkstyre omfattar:

- Breheimen nasjonalpark
- Strynefjellet landskapsvernområde
- Mysubytta landskapsvernområde
- Høydalen landskapsvernområde
- Mørkridsdalen landskapsvernområde
- Vigdalen landskapsområde
- Høyrokampen naturreserva
- Honnsrøve naturreservat

Medlemer frå Sogn og Fjordane fylkeskommune i perioden 2016–2019 er:

Medlem: Jon Olav Kvamme

Varamedlem: Helen Hjertaas

1.2. Folgefonna nasjonalparkstyre

Folgefonna nasjonalparkstyre er forvaltingsmynde for:

- Folgefonna nasjonalpark
- Buer landskapsvernområde
- Hattebergsdalen landskapsvernområde
- Bondhusdalen landskapsvernområde
- Ænesdalen landskapsvernområde

Hordaland fylkeskommune sin medlem i perioden 2016–2019 har vore Benthe Bondhus. Olav Magnus Hammer har vore varamedlem.

1.3. Hallingskarvet nasjonalparkstyre

Hallingskarvet nasjonalparkstyre er forvaltingsmynde for Hallingskarvet nasjonalpark og Finse biotopvernområde.

Medlemer frå fylkeskommunen i perioden frå 2016:

Medlem SFFK: Aleksander Øren Heen

Varamedlem SFFK: Senea Sabanovic

Medlem HFK: Mona Hellesnes

Varamedlem HFK: Helge Nævdal

1.4. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Styret er forvaltingsmynde for Jostedalsbreen nasjonalpark i kommunane Balestrand, Gloppen, Førde, Jølster, Luster, Sogndal og Stryn.

Medlemer frå Sogn og Fjordane fylkeskommune i perioden 2016–2019:

Medlem: Karen Marie Hjelmeseater

Varamedlem: Odd Atle Stegegjerdet

1.5. Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre

Styret er forvaltingsmynde for Jotunheimen nasjonalpark (kommunane Lom, Luster, Vang, Vågå og Årdal) og Utladalen landskapsvernområde (kommunane Luster og Årdal).

Aleksander Øren Heen er Sogn og Fjordane fylkeskommune sin medlem i perioden 2016–2019. Senea Sabanovic er varamedlem.

1.6. Naustdal-Gjengedal verneområdestyre

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde ligg i kommunane Førde, Gloppen, Jølster og Naustdal.

Sogn og Fjordane fylkeskommune sin medlem i perioden 2016–2019 er Gunhild Berge Stang. Erlend Haugen Herstad er varamedlem.

1.7. Nærøyfjorden verneområdestyre

Nærøyfjorden verneområdestyre har forvaltingsansvar for:

- Nærøyfjorden landskapsvernområde
- Bleia - Storebotnen landskapsvernområde
- Bleia naturreservat
- Grånosmyrane naturreservat
- Nordheimsdalen naturreservat

Fylkeskommunen sine medlemmer i perioden 2016–2020:

Medlem SFFK: Gunn Åmdal Mongstad

Varamedlem SFFK: Hilmar Høl

Medlem HFK: Iril Schau Johansen

Varamedlem HFK: Stein Inge Ryssland

1.8. Stølsheimen verneområdestyre

Stølsheimen verneområdestyre er forvaltingsmynde for Stølsheimen landskapsvernområde i kommunane Høyanger, Modalen, Vaksdal, Vik og Voss.

Fylkeskommunen sine medlemmer i perioden 2016–2020:

Medlem SFFK: Karen Marie Hjelmeseter

Varamedlem SFFK: Henrik Oppen

Medlem HFK: Inger Ulvund

Varamedlem HFK: Ståle Hauge

1.9. Ålfotbreen verneområdestyre

Ålfotbreen landskapsvernområde ligg i kommunane Bremanger, Flora og Gloppen.

Medlemmer frå Sogn og Fjordane fylkeskommune i perioden 2016–2019:

Medlem: Gunn Karin Sande

Varamedlem: Harald Bjarte Reite

2. Nasjonal rassikringsgruppe

Nasjonal rassikringsgruppe har oppmoda fylkeskommunane om å peike ut kvar sin representant til gruppa.

Gruppa sitt mål er å få utarbeidd og vedtatt ein Nasjonal skredsikringsplan for sikring av alle skredpunkt med skredfaktor høg eller middels i løpet av neste 12-årige NTP-periode. Informasjon om nasjonal rassikringsgruppe er tilgjengeleg her: <http://www.skredsikring.no/om-oss--kontakt.html>

Representantar i fylkestingsperioden 2015–2019 har vore:

Representant SFFK: Åshild Kjelsnes (leiar)

Vararepresentant SFFK: Arnstein Menes

Representant HFK: Benthe Bondhus

Vararepresentant HFK: Mona Røsvik Strømme

3. Regionalt forskingsfond Vestland

Regionale forskingsfond skal styrke forskning for regional innovasjon og utvikling ved å stø opp under dei prioriterte innsatsområda i regionen og mobilisere til auka FoU-innsats.

Ordninga er finansiert over Kunnskapsdepartementet sitt budsjett. Stortinget har bestemt at kvar fylkeskommune frå 2020 får midlar til sitt eige forskingsfond. Kunnskapsdepartementet har i brev meldt at fylkeskommunane sjølve kan avgjere styringsform for arbeidet.

Prosjektleiari tilrår at fylkestinget nemner opp to faste medlemmer (leiar og nestleiar) og to varamedlemmer (i prioritert rekkjefølgje) frå Hovudutval for Næring, Naturressurs og Innovasjon. Dette med bakgrunn i at fylkestinget har delegert fagansvar og mynde for fagområdet forskning til utvalet. Vidare tilrår prosjektleiari at fylkesrådmannen får mynde til å nemne opp dei eksterne styremedlemmene. Det må nemnast opp ein av kvart kjønn, med tilsvarande som vara. Fylkestinget gjer endeleg val av politiske representantar til styret.

Ein avtale mellom Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune om RFF Vestlandet i perioden 2015 – 2019 bestemte at øvste politiske leiar i fylkeskommunen skulle vere medlem i styret. I styreperioden 2015 – 2019 var Anne Gine Hestetun og Jenny Følling styremedlemmer. Med eige forskingsfond knytt til Vestland fylkeskommune, er det politiske ansvaret lagt til fagutvalet.

4. Rovviltnemnda for Region 1

Dei åtte regionale rovviltnemndene har hovudansvaret for forvaltninga av rovvilt innanfor sin region. Nemndene er underlagde Klima - og miljødepartementet sitt instruksjons- og organisasjonsmynde. Departementet minner i brev til fylkeskommunane 05.11.19 om at rovviltforvaltning er eit svært krevjande felt, og at ein som medlem i ei rovviltnemnd må vere bevisst sin rolle og halde seg til gjeldande rammer og føringar i rovviltpolitikken.

Rovviltnemnda for Region 1 omfattar frå 1.1.2020 Vestland, Rogaland og Agder fylker⁵. Nemnda skal ha fem faste medlemmer og fem varamedlemmer. Av desse skal tre faste medlemmer og tre varamedlemmer kome frå Vestland fylkeskommune. Departementet skriv i brevet 05.11.19 at ein medlem og ein varamedlem bør representere det tidlegare Hordaland fylke og at to medlemmer og to varamedlemmer bør representere det tidlegare Sogn og Fjordane fylke.

Alle medlemmer av rovviltnemnda skal ha fast plass i fylkestinget og fylkesutvalet.

Ifølgje likestillingslova § 21 skal begge kjønn vere representert når offentleg organ oppnemner eller vel utval. Departementet har derfor bedt fylkestinget føreslå éin kvinneleg og éin mannleg kandidat for kvar medlem fylkeskommunen skal oppnemne til rovviltnemnda, til saman 12 kandidatar. Sidan det høge talet kan tenkast å by på praktiske utfordringar, har prosjektleiari avtalt med Departementet⁶ at fylkestinget peikar ut tre kandidatar til medlemsverva (to kvinner og ein mann eller motsett) og tre kandidatar til varamedlemsvervet (to kvinner og ein mann eller motsett). Ved behov vel Departementet en kandidat frå varamedlems-lista til medlem.

Fylkestinget skal såleis innstille til saman seks kandidatar.

Departementet vil etter forslag frå fylkeskommunane oppnemne nye medlemmer med sikte på at dei nye nemndene skal konstituere seg ved årsskiftet.

Medlemmer frå Sogn og Fjordane fylkeskommune i dag er Aleksander Øren Heen (Sp) og Helen Hjertaas (Ap). Varamedlemar er Trude Brosvik (KrF) og Bjørn Erik Hollevik (H).

Medlem frå Hordaland fylkeskommune er i dag Helge Nævdal (Ap) og varamedlem er Christoffer Thomsen (Frp).

⁵ For meir informasjon om rovviltnemnda region 1 sjå: <https://prosjekt.fylkesmannen.no/Rovviltnemnda-region-1/>

⁶ Dette vart avtalt per telefon med seniorrådgjevar Morten Gluva i Klima - og miljødepartementet den 27.11.19.

5. Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap og styret for Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark

5.1. Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap:

Naturarven Vestnorsk fjordlandskap ved Nærøyfjorden og Geirangerfjorden vart innskriven på UNESCO si verdsarvliste i 2005. Samarbeidsorganet Verdsarvrådet vart etablert i 2006, og har som hovudformål å arbeide for godt samarbeid om ei oppfølging av verdsarvstatusen.

Ifølgje retningslinene for Verdsarvrådet skal fylkesordførarane i Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Hordaland vere dei tre fylkeskommunane sine representantar i rådet. I førre valperiode valde fylkesutvalet i Sogn og Fjordane Åshild Kjelsnes til fylkeskommunen sin representant og Aleksander Øren Heen til vararepresentant.

Anne-Beth Njærheim står oppført som Hordaland fylkeskommune sin valde representant til rådet, med Jarle Brattespe som vara.

5.2. Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark:

Stiftinga vert leia av eit styre på ni personar. Kvar av dei fem stiftarane (kommunane Aurland, Vik, Voss og Lærdal og Sogn og Fjordane fylkeskommune) peikar ut éin styremedlem kvar. Dei fire andre medlemene vert peika ut av parkmøtet (eit årleg allmøte i stiftinga). Kvar styremedlem vert vald for to år om gongen.

I 2015 peika fylkesutvalet i Sogn og Fjordane ut Åshild Kjelsnes som fylkeskommunen sin styremedlem og Aleksander Øren Heen som varamedlem.

5.3. Generelt for Verdsarvrådet og Verdsarvparken:

Samansetjinga av Verdsarvrådet og Parkstyret vert endra som følgje av kommune- og regionreforma. I brev til Vestland fylkeskommune 26.8.2019, legg dagleg leiar i Nærøyfjorden Verdsarvpark til grunn at Vestland fylkeskommune overtek Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar sitt ansvar med tanke på val av medlemar til styre og råd.

Dette betyr at Vestland fylkeskommune skal peike ut ein representant med vara til Verdsarvrådet (fylkesordføraren ifølgje retningslinene) og ein styremedlem med vara til å sitte i styret i Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark.

Ifølgje daglege leiar har det vist seg å vere nyttig og føremålstenleg, med tanke på heilskapen i arbeidet, at den same personen representerer fylkeskommunen i både Verdsarvrådet og i Parkstyret. Vidare at det vil vere ideelt om vedkomande representant også representerer fylkeskommunen i verneområdestyret for Nærøyfjorden landskapsvernområde.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Regional planstrategi: Ikkje relevant.

Saksnr: 2019/11-7
Saksbehandlar: Ingeborg Strandberg

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	5/19	17.12.2019
Fylkestinget	40/19	17.12.2019

Val til styre, råd og nemnder for perioden 2019-2023 - tilleggssak**Forslag til innstilling**Festspillene i Bergen

Representantskapet:

Medlem:

Varamedlem:

Styret:

Medlem:

Varamedlem:

Medlem:

Varamedlem:

Nordsjøkommisjonen - Tematiske grupper

Transport

Medlem:

Klima og energi

Medlem:

Smarte regioner

Medlem:

Marine ressursar

Medlem:

Klima- og miljøpris 2020 - Innstillingsnemnd

Medlem:

Medlem:

Medlem:

Varamedlem:

Regionalt planforum

Observatør:

Vara:

Politisk kontaktperson for Vestland fylkesutval for ungdom

Politisk kontaktperson:

Samandrag

Vestland fylkeskommune har eit ansvar for å velje og innstille medlemar til eksterne organ, t.d. ulike råd og stiftingar. Ansvaret er overteke frå Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar i samband med samanslåinga av desse. Val til organa i denne saka er nødvendig å velje eller instille til før årsskiftet.

Rune Haugsdal
prosjektleder

Ingrid Kristine Holm Svendsen
påtroppande fylkesdirektør for
organisasjon og økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune har eit ansvar for å velje og innstille medlemar til eksterne organ, t.d. ulike råd og stiftingar. Ansvaret er overteke frå Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar i samband med samanslåinga av desse. Val til organa i denne saka er nødvendig å velje eller innstille til før årsskiftet.

Oppnemningsperioden følgjer den fylkeskommunale valbolken, om ikkje anna er sagt. Ein styremedlem skal vanlegvis bli ståande i vervet til ein ny medlem er valt, sjølv om tenestetida er ute, jf. m.a. stiftingslova § 28 og kommunelova 2018 § 7-1¹.

Denne saka gjeld val og innstillingar til følgjande organ:

Stiftingar

- Festspillene i Bergen

Andre organ

- Nordsjøkommissjonen
- Klima- og miljøpris 2020
- Regionalt planforum
- Politisk kontaktperson for Vestland ungdomsutval

Vedtakskompetanse

Avgjerdsmynda til å innstille eller velje medlemar til eksterne organ ligg til fylkestinget, jf. Reglement for fylkestinget punkt 2.4.6². I nokre tilfelle kan det eksterne organet ha vedtektsføresegner som legg val- eller innstillingskompetansen til eit bestemt organ i fylkeskommunen. Slike vedtektsføresegner vil ved motstrid ikkje kunne gå føre utgangspunktet i kommunelova om at fylkestinget er fylkeskommunen sitt øvste avgjerdsorgan.

Valnemnda gjev innstilling i saker om val, der avgjerda om valet ligg til fylkestinget, jf. Reglement for valnemnda. Valnemnda legg fram forslag til representantar til styrande organ i selskap, stiftingar og institusjonar, generalforsamlingar m.m., der fylkeskommunen har medlemmer og varamedlemmer i styret.

Stiftingar

Stiftingslova inneheld fleire krav som fylkestinget må ta omsyn til ved val av medlemmer til styre i stiftingar.

Krav til samansetjinga av styret, jf. stiftingslova § 27

Det følgjer av stiftingslova § 27 første ledd at følgjande personar ikkje kan vere medlemmer i styret i ei stifting:

- juridiske personar
- mindreårige
- personar som er fråtekne rettsleg handleevne
- personar som er sett i konkurskarantene etter konkurslova § 142

I § 27 tredje ledd er det presisert at følgjande personar ikkje kan (kvar for seg eller saman) vere dei einaste medlemene av styret:

- a) den som har avgitt en formuesverdi som inngår som grunnkapital i stiftelsen,*
- b) nærstående av den som har avgitt en formuesverdi som inngår som grunnkapital i stiftelsen,*

¹ I følgje kommunelova 2018 § 7-1 trer folkevalde organ i funksjon straks dei er valde. Funksjonstida for organ som ikkje vert valde på det konstituerande fylkestinget, vert automatisk forlenga inntil nyval skjer, men ikkje lenger enn til første årsskifte i den nye valperioden. Medlemene har då både rett og plikt til å bli sitjande.

² I Reglement for folkevalde organ og delegering

- c) person som har tillitsverv i, eller står i et ansettelses- eller underordningsforhold til den som har avgitt en formuesverdi som inngår som grunnkapital i stiftelsen,
 d) hvis den som har avgitt en formuesverdi som inngår som grunnkapital i stiftelsen, er en juridisk person, person som har slik innflytelse som nevnt i § 4 tredje ledd over den juridiske personen, og hans eller hennes nærstående.

Minst halvparten av styremedlemene må dessutan vere busette i Noreg.³ Ovannemnde reglar gjeld så langt dei passar også for varamedlemer.

Krav til kjønnsrepresentasjon, jf. stiftingslova § 27a

Likestillingslova § 21 første, andre og femte ledd gjeld når ein fylkeskommune skal peike ut heile styret i ei stifting, jf. stiftingslova § 27a. Når fylkeskommunen peikar ut delar av styret, gjeld dette tilsvarande i høve dei styremedlemene fylkeskommunen peikar ut. Dette betyr at begge kjønn skal vere representerte på følgjande måte:

- Har utvalet to eller tre medlemer, skal begge kjønn vere representerte.
- Har utvalet fire eller fem medlemer, skal kvart kjønn vere representert med minst to.
- Har utvalet seks til åtte medlemer, skal kvart kjønn vere representert med minst tre.
- Har utvalet ni medlemer, skal kvart kjønn vere representert med minst fire, og har utvalet fleire medlemer, skal kvart kjønn vere representert med minst 40 %.
- Dei fire ovannemnde reglane gjeld tilsvarande ved val av varamedlemer.

Det kan gjerast unntak frå krava til kjønnsrepresentasjon når det ligg føre særlege forhold som gjer det openbert urimeleg å oppfylle krava. Slikt unntak kan vere aktuelt dersom det ikkje lar seg gjere å finne kvinner/menn som er kvalifiserte til å sitte i styret.

Tenestetid, jf. stiftingslova § 28

Tenestetida for styremedlemer er fire år, med mindre noko anna er fastsett i vedtektene til stiftinga. Ein styremedlem skal bli ståande i vervet inntil ny medlem er vald, sjølv om tenestetida er over.

Styret sitt ansvar, jf. stiftingslova § 30

Styret er ifølgje stiftingslova § 30 første ledd det øvste organet i stiftinga, og har såleis mynde til å instruere og gjere om dagleg leiar og ev. andre organ sine vedtak.

Stiftingslova § 30 andre ledd legg ansvaret for forvaltninga av stiftinga på styret. Ved utøvinga av forvaltningsmyndet er styret underlagt lov og vedtektene til stiftinga. Styret skal sørge for at "stiftelsens formål ivaretas", og at utdelingar skjer i samsvar med vedtektene, jf. tredje ledd. Styret har vidare ansvar for at rekneskapen og forvaltning av stiftinga sine verdier er gjenstand for forsvarleg kontroll.

Valet til den einskilde stiftinga:

Festspillene i Bergen

Representantskapet

I vedtektene til Festspillene i Bergen § 3 «Representantskapet» står det:

«3.1 3.1 Stiftelsen skal ha et representantskap på 10 medlemmer med personlige varamedlemmer, slik:

Den norske stat 1 medlem
 Hordaland fylkeskommune 1 medlem
 Bergen kommune 1 medlem
 Stiftelsen Harmonien 1 medlem
 Den Nationale Scene 1 medlem
 O. Kavli og Knut Kavlis Almennyttige Fond 1 medlem

³ Likevel med unntak for statsborgere i stater som er part i EØS-avtalen når de er bosatt i en slik stat, jf. § 27 andre ledd.

Grieghallen 1 medlem
Universitetet i Bergen 1 medlem
Kunstmuseene i Bergen 1 medlem
Bergen Kunsthall 1 medlem

Medlemmene skal ha innsikt i og kompetanse relevant for Festspillene.

3.2 Representantskapets medlemmer oppnevnes for 4 år. Nyutnevne i funksjonstiden finner sted bare ved ledighet. Ingen kan sammenhengende fungere som medlem i mer enn 8 år.

3.3 Minst 6 av Representantskapets medlemmer skal være bosatt i Bergen/Hordaland.»

Dagens medlemmer i representantskapet er:

Medlem: Fylkesordfører i Hordaland Anne Gine Hestetun

Varamedlem: Fylkesvaraordfører i Hordaland Pål Kårbø

Styret

I vedtektene til Festspillene i Bergen § 4 «Styret» står det:

«4.1 Stiftelsen skal ha et styre på 7 medlemmer med personlige varamedlemmer. Samtlige velges for 4 år om gangen. Et representantskapsmedlem kan ikke sitte i Styret. Ingen kan være styremedlem i mer enn 8 år. Formannen har dobbeltstemme ved stemmelikhet, dog ikke i ansettelsessaker.

Den norske stat oppnevner Styrets leder med varamedlem. Hordaland Fylkeskommune oppnevner 2 styremedlemmer med varamedlemmer. Bergen Kommune oppnevner 1 styremedlem med varamedlem. Representantskapet oppnevner 2 styremedlemmer med varamedlemmer, mens 1 styremedlem med varamedlem oppnevnes av - og blant - de fast ansatte i Festspillene.

Valgperioden følger kommunevalgperioden, dog slik at nyvalgte medlemmer tiltrer 1. januar.»

Dagens medlemmer i styret er:

Medlem: Bjørn Johan Laastad (har vore medlem i 8 år og kan difor ikkje veljast på nytt)

Medlem: Silja Ekeland Bjørkly

Varamedlem: Astrid Aarhus Byrknes

Varamedlem: Renate Møgster Klepsvik

Val til styre, råd, m.m.

Organa fylkeskommunen skal innstille eller velje medlemmar til er ulike og har ulike rammer, t.d. vedtekter. Dei ulike organa vert nærare kommentert under.

Valet til det einskilde organet:

Nordsjøkommisjonen – representantar i tematiske arbeidsgrupper

Både Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune er medlem i Conference of Peripheral Maritime Regions (CPMR) og Nordsjøkommisjon (NSC). Disse organisasjonane er europeiske interesse- og lobbyorganisasjonar. CPMR er ein paraplyorganisasjon der NSC er ein av 6 geografiske underkommisjonar. Medlemskap i CPMR er ein føresetnad for medlemskap i NSC.

NSC har fire tematiske arbeidsgrupper med politisk representasjon. Desse er 1) Transport, 2) Klima og energi, 3) Smarte regioner og 4) Marine ressursar. Hordaland fylkeskommune har hatt politisk representasjon i alle fire gruppene, medan Sogn og Fjordane har vore representert i ei gruppe, Marine ressursar. I tillegg er det ein person i kvar tematisk gruppe frå administrasjonen som gjer støtte til politisk representant og utfører dei faglege og administrative oppgåvene. Fylkestinget skal oppnemne representantar for kvar av dei tematiske arbeidsgruppene for perioden 2020 – 2024.

I kvar av arbeidsgruppene vil det vere ein politisk og ein administrativ representant frå Vestland fylkeskommune. Fylkestinget nemnar opp dei politiske representantane etter innstilling frå valnemnda.

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling og fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtrafikk peiker ut administrative representantar som skal fungere som støtte for politikarane.

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling peiker og ut ein administrativ koordinator for arbeidet i Nordsjøkommisjonen. Denne personen skal både følgje opp politisk deltaking på årsmøta, dei norske medlemsmøta, og arbeidet i dei tematiske arbeidsgruppene. Administrativ koordinator kallar inn dei politiske representantane, vararepresentantane og dei administrative representantane til møte to gongar i året for å informere om saker i ExCom, og for at deltakarane skal kunne utveksle informasjon og erfaringar.

Dagens medlemer er:

Transport

Medlem: Jon Askeland

Varamedlem: Marthe Hammer

Klima og energi

Medlem: Daniel Charles Hextall

Varamedlem: Geir Kjell Andersland

Smarte regioner

Medlem: Roald Kvamme

Varamedlem: Anita Garlid Johannessen

Marine ressursar

Medlem: Åshild Kjelsnes

Medlem: Mona Røsvik Strømme

Varamedlem: Tom Sverre Tomren

Klima- og miljøprisen – innstillingsnemnd

Klima- og miljøprisen skal vere til heider for einskildpersonar, lag, organisasjonar og/eller verksemder som har utmerka seg innanfor klima og miljøvernarbeid i året som gjekk, eller har vist god innsats over tid. Fylkesrådmannen meiner at utdelinga av klimaprisen bør skje i 2020, for klima- og miljøinnsats i 2019 og 2020, eller over tid. Prisen blir delt ut på fyrste fylkesting etter vedtak i fylkesutvalet.

Innstillingsnemnda sitt framlegg skal leggast fram for fylkesutvalet til avgjerd.

Fylkesrådmannen tilrår at utvalet vert satt saman av tre medlemmer frå fylkesutvalet, eit varamedlem, samt at ein representant frå Ungdomspolitisk utval. Ungdomspolitisk utval avgjer sjølve kven som deltek. Innstillingsnemnda vert valt for 2 år.

Regionalt planforum – politisk observatør

I mandatet for regionalt planforum som vart vedteke 03.12.2019 står det slik om føremålet for forumet:

«Regionalt planforum er heimla i Plan- og bygningslova § 5-3. I regionalt planforum kan kommunar, fylkeskommunen og stat leggje fram planar etter Plan- og bygningsloven til drøfting for eit samla regionalt nivå. Planar som vert lagt fram bør ha sektorovergripande karakter. Planforum kan i tillegg ta opp planrelevante spørsmål som det sjølv finn tenleg. Planforum skal ikkje ta avgjerd eller mekle i plansaker.

Regionalt planforum skal bidra til:

- Å klarleggje og samordne statlege, regionale og kommunale interesser i samband med arbeidet med statlege, regionale og kommunale planar.
- Å leggje til rette for gjensidig informasjon, drøfting og samstemt praksis.
- Å fremja meir føreseieleg og effektivt planarbeid
- Å fremja heilskapleg planlegging som verktøy for ei berekraftig samfunnsutvikling»

I punkt 3. «Medlemer og deltaking» står det:

«I møta deltek aktuell kommune/kommunar og regionale mynde som den aktuelle saka vedkjem. Dei regionale etatane som har motsegnrett, slik det kjem fram av retningslinene for motsegn i plansaker (Rundskriv H-2/14), har også møterett. Invitasjon til å delta vert sendt til regionale organ

med motsegnrett, som så vurderer saka opp mot deira interesser. Etatane avgjer sjølv kven som deltek på vegne av organisasjonen.

Det er ønska politisk representasjon frå kommune og fylkeskommune. Politisk deltakar frå fylkeskommunen vil ha rolle som observatør. Mandatet inneber at fylkesutvalet, som planmynde, bestemmer seg for fast representant, med vara, til møta.

Invitasjon vil og bli sendt til interesseorganisasjonar som varetek ålmenne interesser (t.d. friluftsliv, naturmangfald) og er aktuelle for plansaker. Dei vil ha rolle som observatørar.»

Politisk kontaktperson for Vestland fylkesutval for ungdom

Fylkesting for ungdom er lovfesta i kommunelova av 2018 i § 5-12, jf. § 5-2 og regulert i Vestland fylkeskommune sitt reglement for folkevalde og delegering, jf. reglement for medverknadsorgana. Det er i reglementet stadfesta at det skal nemnast opp ein politisk kontaktperson for fylkesting for ungdom. Oppnemning av politisk kontaktperson bør følgje fylkestingsperioden, og fylkesutvalet vert oppmoda om å nemna opp ein representant for 2019-2023.

Bakgrunn for ei slik oppnemning er for å vere ei politisk støtte kor ungdommane kan komme for råd til handtering av ulike saker, til dømes korleis ein best leiar møte, mediahandtering, medverknad osv. Det er såleis ikkje meininga at den politiske kontaktpersen skal inneha ei partipolitisk innflyting eller delta i Vestland ungdomsutval sine møter. Funksjonen den politiske kontaktpersonen skal ha er rådgjevande og rettleiande opp mot politiske funksjonar og prosessar.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Regional planstrategi: Ikkje relevant.

Saksnr: 2019/10-133
Saksbehandlar: Sigrid H Aardal

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	6/19	17.12.2019
Fylkestinget	37/19	17.12.2019

Val av medlemmer til yrkesopplæringsnemnd**Forslag til innstilling**

<u>Medlem</u>	<u>Varamedlem</u>
LO:	
1.	1.
2.	2.
YS:	
1.	1.
UNIO/Utdanningsforbundet:	
1.	1.
NHO:	
1.	1.
KS:	
1.	1.
Virke:	
1.	1.
Spekter:	
1.	1.
Medlem frå hovudutval for opplæring og kompetanse	
1.	1.
Medlem frå hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon	
1.	1.
Elevrepresentant (valde for 2 år.)	
1.	1.
Lærlingrepresentant (valde for 2 år)	
1.	1.

Konsultativt medlem Opplæringskontor,
1.

1.

Samandrag

I fylkestinget 15.10.2019 sak 2/19 vart det vedteke reglement for yrkesopplæringsnemnda. Det må gjerast val av medlemmer til nemnda slik det går fram av vedteke reglement.

Dei ulike organisasjonane som har plass i nemnda har vore kontakta for å koma med forslag på kandidatar. Det er kome tilbakemelding frå dei fleste med opplysningar om namn på medlem og personleg varamedlem.

Rune Haugsdal
prosjektleiar

Ingrid Holm Svendsen
påtroppande fylkesdirektør for
øk.- og org.avdelinga

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.

Vedlegg: Liste over innmeldte namn på medlemmer.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I fylkestinget 15.10.2019 sak 2/19 vart det vedteke reglement for yrkesopplæringsnemnda. Det må gjerast val av medlemmer til nemnda slik det går fram av vedteke reglement.

Av reglementet går det fram følgjande:

«1. Samansetjing

Yrkesopplæringsnemnda i Vestland skal ha 12 faste medlemmer med personlege varamedlemmer.

Medlemene med personlege varamedlemmer skal til saman ha brei innsikt i heile fag- og yrkesopplæringa og i nærings- og sysselsetjingsspørsmål i Vestland fylkeskommune. Det skal i alle høve nemnast opp medlemmer frå partane i arbeidslivet etter forslag frå arbeidstakarorganisasjonane og etter forslag frå arbeidsgivarorganisasjonane. Alle organisasjonar som er representerte i organ for samarbeid om fag- og yrkesopplæringa jf. § 12-1, har rett til å vere representerte i nemnda. Det er krav om å vere folkeregistrert som busett i fylket på tidspunktet for oppnemning til yrkesopplæringsnemnda. Arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonane skal til saman ha 8 medlemmer, fordelt slik:

LO: 2

YS: 1

UNIO/Utdanningsforbundet: 1

NHO: 1

KS: 1

Virke: 1

Spekter: 1

I tillegg skal det vere eitt medlem frå hovudutval for opplæring og kompetanse, og eitt medlem frå hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon. Det skal dessutan vere ein elevrepresentant og ein lærlingrepresentant, oppnemnd etter forslag frå organisasjonar eller organ som representerer desse. I tillegg til dei valde medlemene deltek ein representant frå opplæringskontora som konsultativt medlem. Konsultativt medlem har talerett, men ikkje forslags- og røysterett.

Nemnda vel sjølv leiar og nestleiar.

Funksjonstida til nemnda er den same som for fylkestinget. Elevrepresentant og lærlingrepresentant blir oppnemnde for to år om gongen.»

Ein har teke kontakt med organisasjonane som det skal velgjast medlemmer frå. Det er kome tilbakemelding frå dei fleste med opplysningar om namn på den som dei foreslår og personleg varamedlem for denne. Liste over innmelde namn på medlemmer pr. no er vedlagt saka.

Ein av organisasjonane Spekter har opplyst at dei ikkje ønskjer å benytte seg av den plassen dei har i nemnda.

Ut frå grunnlaget for samansetjing av yrkesopplæringsnemnda i Vestland, går det fram at det bør vera likevekt mellom tal medlemmer frå arbeidstakarorganisasjonane og arbeidsgjevarorganisasjonane. Når no Spekter ikkje ønskjer å nytta sin rett til å sitja i nemnda no, vil dette verta forrykka og nemnda vil eventuelt få eit medlem mindre.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget, Reglement for fylkestinget pkt. 2.4

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Konklusjon

Medlemene i yrkesopplæringsnemnda vert valde etter forslag frå dei organisasjonane som har rett til plass i nemnda.

Pr.05.12.2019.

Innkomne forslag til melemmer med varamedlemmer for Yrkesopplæringsnemnda Vestland 2020-2023:

Organisasjon	medlem	vara
KS	Sølvi Olrich Sørebo	Marie Sofie Størdal, Bergen kommune
Virke	Björg Simlenes Nguyen	Hilde Sofie Pedersen
Utdanningsforbundet	Jasmin Eminovic	Eivind Johannessen
Opplæringskontor	Lillian Vabø Mongstad	Johan Johansen
Lærlingrepr.	Signe Maragrete Krüger Birks.	Alvilde Hellebø.
Elevrepr.	Marcus Hansen Våge.	Nora Marie Nilsen.

Saksnr: 2019/152-1
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	7/19	17.12.2019
Fylkestinget	44/19	17.12.2019

Nye styrer for fagskulane i Vestland fylkeskommune**Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget gjer slike val av medlemar og varamedlemar som representerer regionalt arbeidsliv til styret for Fagskolen i Hordaland (FIH):

Forslag frå prosjektleiar til valnemnda på medlemar

1. Anne Mette Koch (arbeidslivsrepresentant)
2. Trond Sanne Haga (arbeidslivsrepresentant)
3. Birgitte Svanevik (arbeidslivsrepresentant)

Varamedlem

1. Sissel Larsen (arbeidslivsrepresentant)

2. Fylkestinget gjer slike val av medlem og varamedlem som administrativ representant (FIH):

Forslag frå prosjektleiar til valnemnda på medlemar

1. Bård Sandal, påtroppande fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling

Varamedlem

1. Kathrin Jakobsen, påtroppande seksjonsleiar forskning, kompetanse og internasjonalisering

3. Fylkestinget gjer slike val av medlemar og varamedlemar etter innstilling frå valnemnda (FIH):

Medlemar (eigarrepresentantar)

- 1.
- 2.
- 3.

Varamedlemar

- 1.
- 2.

4. Fylkestinget vel etter innstilling frå valnemnda følgjande som:

Leiar:

Nestleiar:

5. Fylkestinget gjer slike val av medlemar og varamedlemar som representerer regionalt arbeidsliv til styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane (FISF):

Forslag frå prosjektleiar til valnemnda på medlemar

1. Bjørn Hollevik (arbeidslivsrepresentant)
2. Jon Rune Heimlid (arbeidslivsrepresentant)
3. Glenn Paris (arbeidslivsrepresentant)

Varamedlem

1. Rune Karlsen (arbeidslivsrepresentant)

6. Fylkestinget gjer slike val av medlem og varamedlem som administrativ representant (FISF):

Forslag frå prosjektleiar til valnemnda på medlemar

1. Bård Sandal, påtroppande fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling

Varamedlem

1. Kathrin Jakobsen, påtroppande seksjonsleiar forskning, kompetanse og internasjonalisering

7. Fylkestinget gjer slike val av medlemar og varamedlemar etter innstilling frå valnemnda (FISF):

Medlemar (eigarrepresentantar)

- 1.
- 2.
- 3.

Varamedlemar

- 1.
- 2.

8. Fylkestinget vel etter innstilling frå valnemnda følgjande som:

Leiar:

Nestleiar:

Samandrag

Skuleeigar ved fylkestinget nemner opp nye styrer for dei fylkeskommunale fagskulane i samband med ny fylkestingsperiode, og etter fylkestingsvalet hausten 2019 skal det veljast nye styrer for dei to fagskulane; Fagskolen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane. I denne saka vert det gjort greie for tilrådinga i delprosjektet, DP 1.8 Fagskule, i høve til samansetning av styra for fagskulane i Vestland fylkeskommune, og det vert gjort framlegg til nye medlemar i fagskulestyra jf. forslag til styrevedtekter.

Rune Haugsdal
prosjektleiar

Bjørn Lyngedal
påtroppande fylkesdirektør for
avdeling ring og kompetanse

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.

Vedlegg

- 1 Styrevedtekter
- 2 Godkjenningslogg

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Skuleeigar ved fylkestinget nemner opp nye styrer for dei fylkeskommunale fagskulane i samband med ny fylkestingsperiode, og etter fylkestingsvalet hausten 2019 skal det veljast nye styrer for dei to fagskulane; Fagskolen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane.

I dag har dei to fagskulane følgjande samansetning i styra:

Fagskolen i Hordaland		
Medlem	Stilling	Vald av:
Roald Kvamme (A)	Leiar (eigarrep.)	Fylkestinget
Sara Hamre Sekkingstad (SP)	Nestleiar (eigarrep.)	Fylkestinget
John Helge Gullaksen (H)	Medlem (eigarrep.)	Fylkestinget
Trond Sanne Haga	Medlem (arb.rep.)	Fylkestinget
Anne Mette Koch	Medlem (arb.rep.)	Fylkestinget
Trude Amundsen	Medlem (tilsett rep.)	Tilsette ved fagskulen
Sebastian Hennig	Medlem (student rep.)	Studentar ved fagskulen

Fagskulen i Sogn og Fjordane		
Medlem	Stilling	Vald av:
Gunn Åmdal Mongstad (SP)	Leiar (eigarrep.)	Fylkestinget
Hilmar Høl (A)	Nestleiar (eigarrep.)	Fylkestinget
Jan Heggheim	Medlem (eigarrep.adm.)	Fylkestinget
Anne Karin Lysne	Medlem (arb.rep.)	Fylkestinget
Bjørn Hollevik	Medlem (arb.rep.)	Fylkestinget
Rolf Yksnøy	Medlem (tilsett rep.)	Tilsette ved fagskulen
Ole Johnny Lerheim	Medlem (student rep.)	Studentar ved fagskulen

Dei to styra tilfredstillar krava i fagskulelova § 10. Eit styre for ein fagskule skal ha minst 7 medlemar med følgjande samansetning:

- To medlemar skal ha bakgrunn frå relevant arbeids- eller næringsliv.
- Minst ein medlem skal vere valt av og blant dei tilsette.
- Minst ein medlem skal vere valt av og blant studentane.
- Det skal veljast personlege varamedlemar for medlemane som er valt av dei tilsette og studentane.
- Det skal vere minst ein varamedlem for medlemane frå arbeids- eller næringsliv, og minst ein varamedlem for dei andre medlemane.

I førebuinga av å etablere nye Vestland fylkeskommune vart det etablert eit delprosjekt under delprosjektområde 1.0 Opplæring; DP 1.8 fagskule. Gjennom delprosjektet har påtroppande fylkesdirektør for opplæring og kompetanse gjeve tilråding til mellom anna korleis styra for fagskulane skal vere samansett. På bakgrunn av denne tilrådinga har det også vorte fremja sak til fylkestinget i møte 17.12.2019

om nye styrever for styra. Denne saka om oppnemning av styremedlemer tek utgangspunkt i sak om nye styrever for styra i høve til samansetning av styra.

Vidare i denne saka vert det kort gjort greie for tilrådinga i delprosjektet, DP 1.8 Fagskule, i høve til samansetning av styra for fagskulane i Vestland fylkeskommune, og til slutt vert det gjort framlegg til nye medlemer i fagskulestyra jf. forslag til styrever for styra, med ei omtale av kandidatane som vert føreslått frå prosjektleiar.

Tilrådinga i DP 1.8 Fagskule

DP 1.8 Fagskule vart som nemnt oppretta som eit delprosjekt under delprosjektområde 1. Opplæring i samband med samanslåinga til nye Vestland fylkeskommune. Arbeidsgruppa i DP 1.8 besto av personar frå dei to fylkesadministrasjonane, rektorane ved fagskulane og tillitsvalde. Sluttrapporten frå prosjektet med tilråding frå påtroppande fylkesdirektør for opplæring og kompetanse vart handsama av administrasjonsutvalet 26.11.2019:

- <https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?MeetingId=28&sourceDatabase=>

Gjennom sluttrapporten i DP 1.8 vart det mellom anna tilrådd at det skal utarbeidast felles styrever for dei to styra, samt eit forslag til korleis styra bør vere samansett. Nye felles styrever vert som nemnt handsama av fylkestinget 17.12.2019 og prosjektleiar sitt framlegg/utkast til vedtekter ligg som vedlegg til denne saka.

Vidare vart det gjennom DP 1.8 undersøkt om det var mogleg å ha eit felles styre for dei to fagskulane til komande Vestland fylkeskommune. Dette var ikkje mogleg fordi fagskulelova krev at ein fagskule skal ha eit eige styre (jf. § 9 første ledd). Dette er også avklart juridisk i fylkessekretariatet i Hordaland og av Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen (NOKUT).

Samansetning av styra

For å sikre ei tettare oppfølging av, og koping til fagskulane vert det tilrådd at det vert oppnemnt ein administrativ eigarrepresentant i dei to styra etter framlegg frå fylkesrådmannen. Vidare vert det tilrådd å utvide styra frå 7 til 9 medlemer for å få ein god balanse mellom eigarrepresentantar og arbeidslivsrepresentantar som følgjer:

- Tre representantar frå det regionale folkevalde nivået, der ein representant vert valt frå hovudutval for opplæring og kompetanse, og ein representant frå hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon, og med to varamedlemer.
- Ein representant frå fylkesadministrasjonen med ein varamedlem etter framlegg frå fylkesrådmannen.
- Tre representantar frå relevant arbeids- og næringsliv med ein varamedlem etter framlegg frå fylkesrådmannen.
- Ein representant frå dei tilsette ved fagskulane med ein personleg vara valt av dei tilsette ved fagskulane.
- Ein representant frå studentane ved fagskulane med ein personleg vara valt av studentane ved fagskulane.

Ved val av styremedlemer gjeld likestillings- og diskrimineringslova § 28 innan den einskilde valkrets. Ved val av arbeidslivsrepresentantar vil prosjektleiar tilrå at det vert valt kandidatar direkte frå regionalt arbeidsliv i regionen som står opp om den til ein kvar tid strategiske utvikling og retninga fagskulane er i.

Andre tilhøve

I DP 1.8 vart det også tilrådd at dei to fagskulane i Vestland fylkeskommune vert slått saman til ein fagskule frå 01.01.2021. Det er fylkestinget som tek stilling til ei eventuell samanslåing, og dersom dette vert vedteke vil det frå 2021 bli oppretta eitt styre for fagskulane i Vestland. På bakgrunn av dette vil det vere viktig å tenkje på noko vidareføring av medlemer i overgangen frå to til eitt styre dersom fylkestinget vedtek samanslåing av fagskulane.

Vidare vert prosjektleiar sitt framlegg til arbeidslivsrepresentantar og administrativ representant presentert for kvart av dei to styra. Nokon av dagens arbeidslivsrepresentantar vert føreslått vidare inn i det nye styret, både for å sikre kontinuitet i det komande året, og fordi ei eventuell samanslåing av fagskulane gjer at det vert etablert eit nytt styre frå 2021. Framlegg til administrativ eigarrepresentant med vara er dei same personane for begge styra. Dette vil bidra til å sjå dei to fagskulane meir i samanheng i høve til vidare utvikling av fagskulesektoren i Vestland fylkeskommune. Alle representantane som vert tilrådd i denne saka har blitt førespurt og stiller seg til disposisjon for å kunne verte valt som medlemar til styra.

Fagskolen i Hordaland

Arbeidslivsrepresentantar

Anne Mette Koch

Spesialrådgjevar og stadfortredar for seksjonsleiar ved Haukeland universitetssjukehus, Fou-avd., seksjon for fag og utdanning.

Koch er utdanna sjukepleiar frå Haukeland sykepleieskole i 1978, og har etter det hovudsakeleg arbeid i ulike stillingar ved Haukeland universitetssjukehus. Ho har også i nokre periodar vore tilknytt Høgskulen på Vestlandet (Høgskolen i Bergen). Koch har vidareutdanning både innan leiing, fag og forskning og avla sin PhD ved det Medisinske fakultet i 2016.

Koch har sidan 2006 arbeid i Forsking og utviklingsavdelinga, seksjon for fag og utdanning som spesialrådgjevar. Frå oktober 2017 til oktober 2019 var ho konstituert som seksjonsleiar. I FoU-avdelinga har ho arbeid lokalt, regionalt og nasjonalt med kompetanseutvikling og oppgåver knytt til utdanningsfeltet. Koch har vidare god kjennskap til fagskuleutdanning og var mellom anna involvert i oppstart av fagskuleutdanning innan spesialreinhold ved tidlegare Fusa fagskule. Gjennom Koch si noverande stilling deltek ho i ei rekke råd og utval som kan vere relevante i høve til styrearbeid for Fagskolen i Hordaland, mellom anna i faggruppa til «Kunnskapskommunen» i Bergen kommune, Styringsgruppa til Senter for omsorgsforskning Vest og Kompetanseforum Hordaland.

Koch har vore medlem i styret for Fagskolen i Hordaland frå oktober 2018 og fram til no.

Trond Sanne Haga

Senior Manager, Kværner Stord.

Haga er PhD frå Institutt for industriell økonomi og teknologiledelse ved NTNU innan Bedriftsadministrasjon. Haga har lenge vore interessert i opplæring og utdanning, og før han starta i Kværner, har han arbeid fleire år i IRIS som forskar og forskningssjef, og i SEFOS som forskar innan utdanningsforskning med fokus på yrkesopplæringa. Haga har også arbeid som lærar i Lyngen kommune.

Haga har vore tilsett i Kværner i til saman 19 år, og er for tida leiar for fleire utviklingsprosjekt som til dømes eit fireårig utviklingsprosjekt med støtte frå Forskringsrådet gjennom BIA-programmet (Brukerstyrt innovasjonsarena), og tre digitaliseringsinitiativ. Haga har også ansvar for å følgje opp vidareutviklinga av Stordmodellen (frå fagmann til ingeniør), der Fagskolen i Hordaland saman med Høgskulen på Vestlandet, er ein sentral aktør.

Dei siste 11 åra har Haga hatt fleire ulike stillingar som til dømes HR-leiar på Gjøa, HMS-leiar på DCR Mongstad, ulike posisjonar i Nyhamna-prosjektet, Senior Vice President HR i Kværner og leiar for fleire utviklingsaktivitetar.

Haga har vore medlem i styret for Fagskolen i Hordaland frå oktober 2018 og fram til no.

Birgitte Svanevik

Seksjonsleiar for Fagoppl ring, BKK Nett.

Svanevik har gjennom si stilling i eit overordna ansvar for BKK Nett energimont rl rlingar, om lag 30 stk. per i dag, samt ansvar for lovp lagt oppl ring av  vre teknisk personell som mont rar, planegjarar, ingeni rar og anna. Anna behovspr vd oppl ring ligg ogs  til seksjonen til Svanevik saman med 4 r dgjevarar/instrukt rar.

Svanevik har vore tilsett i selskapet sidan 1994, og noverande stilling sidan 2014. F r det har ho arbeid som tekniskar innan ulike fagomr de, b de som utf rande og som leiar.

Svanevik har fagbrev som energimont r (1993), teknisk fagskule innan elkraft (1994) og Bachelor innan elkraft (2012).

Sissel Larsen, vara for arbeidslivsrepresentantane

Sissel Larsen er utdanna statsvitar fr  Universitetet i Bergen og har lang og brei erfaring som r dgjevar og leiar i b de offentleg og privat sektor innan attf ring, oppl ring, HR og HMT. Larsen har god kjennskap til utdanningssektoren. Larsen arbeider i dag som r dgjevar i Bergen kommune, Byr dsavdeling for eldre, helse og frivillighet.

Administrativ eigarrepresentant**B rd Sandal**

P troppande direkt r for innovasjon og n ringsutvikling i Vestland fylkeskommune.

Noverande stilling: Fylkesdirekt r regional utvikling, Hordaland fylkeskommune.

B rd Sandal har tidlegare vore n ringssjef i Ask y kommune. Han har arbeid i Ask y kommune sidan 1994 d  han var tilsett som idrettskonsulent. I  ra 1999-2005 var han kultursjef i kommunen og i  ra 2005-2007 n rings- og kultursjef. Sidan mai 2007 har han vore n ringssjef fram til august 2013 d  han vart tilsett som fylkesdirekt r for regional utvikling i Hordaland fylkeskommune.

Sandal er cand. mag. fr  Universitetet i Bergen med faga sosial konomi, sosiologi og pedagogikk. Han har ogs  eitt rig utdanning i idrett og administrasjon ved H gskulen i Sogn og Fjordane.

Avdelinga innovasjon og n ringsutvikling skal forvalte fylkeskommunale verkemiddel for st tte til n rings- og lokalsamfunnsutvikling i det nye fylket, og s rge for berekraftig forvaltning av fylkeskommunen sitt ansvar for naturressursar.

Kathrin Jakobsen, vara for administrativ eigarrepresentant

P troppande seksjonsleiar for forskning, kompetanse og internasjonalisering i Vestland fylkeskommune.

Noverande stilling: seksjonsleiar forskning, internasjonalisering og analyse i Hordaland fylkeskommune.

Jakobsen er utdanna IT-ingeni r fr  Bergen Ingeni rh gskole, og har i tillegg hovudfag i sosiologi fr  Universitetet i Bergen. Jakobsen har yrkeserfaring fr  b de privat og offentleg sektor innan programmering og systemutvikling, forskningsetikk og systemutvikling, HR, og analyse og evalueringar.

Sidan 2004 har Jakobsen hatt leiarstillingar ved regionalavdelinga i Hordaland fylkeskommune og fram til i dag.

Fagskulen i Sogn og Fjordane

Arbeidslivsrepresentantar

Bjørn Hollevik

Sjølvtendig næringsdrivande.

Hollevik er utdanna cand.mag. (mellomfag i faga nordisk, historie og sosialøkonomi) frå Universitetet i Bergen, og deretter er han utdanna siviløkonom ved NHH. I arbeidslivet har Hollevik vore mest engasjert med detalj- og engrosverksemd, med utvikling av eit familieføretak frå nærbutikk til nasjonal aktør for engroshandel til storhushaldningsmarknaden. Dei siste åra har han drive eige føretak som dagleg leiar i fleire eigeidomsutviklingsselskap med ansvar for utbygging av nye, og rehabilitering av eksisterande, nærings- og bustadprosjekt. Hollevik har også undervist ved Flora vidaregåande skule i to år på slutten av 1980-talet.

Hollevik har lang og brei erfaring med styreverksemd og har vore med på å stifte Flora industri og næringssselskap i 1989 der han var styreleiar i 18 år. Hollevik har også vore 6 år i styret for Bedriftsnettverket Sogn og Fjordane og arbeidde mellom anna med å sikre og utvikle ingeniørstudia til Høgskulen i Sogn og Fjordane. Hollevik har vore aktivt styremedlem og styreleiar i inkubatoren Aksello i fleire år; var medlem av Yrkesopplæringsnemnda i Sogn og Fjordane frå 2011 til 2015, og har sete i styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane som NHO sin representant frå 2015-2019.

Hollevik har også vore politisk aktiv i mange år i Høgre og har vore med i Flora bystyre i tre periodar; sete i opplæringsutvalet og vore leiar i kontrollutvalet. Han har sete i fylkestinget i Sogn og Fjordane dei to siste periodane i høvesvis hovudutval for næring og hovudutval for samferdsle. Siste periode var han representant i fylkesutvalet og sat i fellesnemnda og arbeidsutvalet for nye Vestland. I førre stortingsperiode var Hollevik første vara til Stortinget og var møtande vararepresentant i tre månader i Kommunalkomiteen.

Jon Rune Heimlid

Dagleg leiar Nomek AS.

Heimlid har utdanning innan kjemiteknikk (1991-1995) frå Norges Tekniske Høgskole (NTH) i Trondheim, samt innan bedriftsøkonomi (1999-2002) frå BI. Etter hovudutdanninga frå NTH har han vore trainee, og deretter arbeidd som prosessingenjør. Vidare har Heimlid mellom anna erfaring som marknadsingenjør, marknadssjef, dagleg leiar og logistikksjef. Heimlid har brei leiarerfaring frå ulike verksemdar i perioden 2001 og fram til i dag, og har vore sentral i Vidre (bussproduksjon) og Vest Buss. Noverande stilling er som dagleg leiar hjå Nomek AS i Stryn. Heimlid flytta til Stryn i 2002 og er oppteken av eit desentralt utdanningstilbod, og av å gjere ungdom merksam på dei lokale moglegheitene i arbeidslivet.

Glenn Paris

Mannskapssjef og HR-ansvarleg i Babord Group og Stadyard.

Paris arbeider i dag som mannskapssjef og HR-ansvarleg i Babord Group og Stadyard.

Han har vore rådgjevar på Måløy vidaregåande og marknadsutviklar på Sikkerheitssenteret i Måløy. Før det jobba han mange år som Innkjøpssjef i Fjord Seafood AS og Domstein Salmon AS. Paris er utdanna som Høgskulekandidat innan eksportmarknadsføring ved Høgskolen i Ålesund, og i seinare år tatt praktisk-pedagogisk utdanning ved Høgskulen i Volda.

Rune Karlsen, vara for arbeidslivsrepresentantane

Distriktsleiar i Veidekke Entreprenør AS, distrikt Sogn og Fjordane.

Karlsen har arbeidd som distriktsleiar i Veidekke Entreprenør AS, distrikt Sogn og Fjordane i nesten femten år. Verksemda har kontor i Sogndal etablert i 1976, på Sandane (1967), i Volda (1998) og i Førde (2019). Tidlegare har Karlsen arbeidd som prosjektleiar/anleggsleiar i ei årrekkje. Han var også stabsmedarbeidar ein periode og hadde ansvar for HR, HMS, KS og kontinuerleg forbetningsarbeid.

Karlsen er utdanna ingeniør innan bygg og anlegg i Bergen der han er født og oppvaks. Etter utdanning og militærtjeneste har Karlsen reist i ca. 7 år på ulike anleggsprosjekt på Vestlandet. Etter utbygginga av Årøy kraftverk i Sogndal (1984) bygde han hus og busette seg på Kaupanger. Karlsen starta då å arbeide ved kontoret til Veidekke Entreprenør i Sogndal.

Administrativ eigarrepresentant

Bård Sandal

Sjå tekst over om Sandal over.

Kathrin Jakobsen, vara administrativ eigarrepresentant

Sjå tekst over om Jakobsen over.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget har kompetanse som skuleeigar til å velje styrer for dei fylkeskommunale fagskulane i Vestland fylkeskommune. Vedtakskompetansen til fylkestinget kjem ikkje fram av fagskulelova, men kommunelova kapittel 11 om kommunalt og fylkeskommunalt føretak kan nyttast så langt det passer, og jf. kommunelova § 65 tredje ledd vert styra velt av fylkestinget sjølve.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget har kompetanse som skuleeigar til å velje styrer for dei fylkeskommunale fagskulane i Vestland fylkeskommune. Vedtakskompetansen til fylkestinget kjem ikkje fram av fagskulelova, men kommunelova kapittel 11 om kommunalt og fylkeskommunalt føretak kan nyttast så langt det passer, og jf. kommunelova § 65 tredje ledd vert styra velt av fylkestinget sjølve.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Regional planstrategi: Ikkje relevant.

Konklusjon

Saka gjev framlegg til oppnemning av nye styrer for Fagskolen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane. Fylkestinget vel eigarrepresentantar og arbeidslivsrepresentantar til styra. Tilsett- og studentrepresentant vert valt av og blant tilsette og studentar. Prosjektleiari gjev framlegg til arbeidslivsrepresentantane med bakgrunn i regionalt arbeids- og næringsliv i høve til det strategiske utviklingsbehovet som er ved fagskulane. Vidare gjev prosjektleiari framlegg til administrativ eigarrepresentant for styra.

Styrevedtekter

Styret for Fagskolen i Hordaland

Styret for Fagskolen i Sogn og Fjordane

Vedteke av fylkestinget *Dato*

Erstatter:

Styrevedtekter – Styret for Fagskolen i Hordaland av 02.10.2018

Vedtekter for Fagskolen i Sogn og Fjordane av 26.09.2018

Lovheimel: Lov om høyere yrkesfaglig utdanning NR. 28 – 08.06.2018

UTKAST

1 STYRET SIN LEGITIMITET, VIRKEOMRÅDE, SAMANSETNING OG OPPNEMNING

§1-1 Lovgrunnlaget – relasjonen mellom skuleeigar og styret

- 1) Fagskular er underlagt lov av 08.06.2018 om høgare yrkesfagleg utdanning (fagskulelova) samt andre aktuelle lover, forskrifter og reglement som gjeld for offentlege verksemdar.
- 2) Vestland fylkeskommune ved fylkestinget er den formelle eigar av Fagskolen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane. Fylkestinget treff vedtak som skuleeigar om ikkje anna følgjer av lov eller delegasjonsvedtak.
- 3) Fagskulelova §§ 9 og 10 stadfester at fagskular skal ha eit styre som øvste ansvarlege styringsorgan med minst sju medlemmar.
- 4) Skuleeigar skal utøve eigarskap på tre måtar
 - a) Val av styremedlemmar og eventuelt avsetting av styret
 - b) Finansiering
 - c) Styret sine vedtekter

§ 1-2 Samansetning og oppnemning av styret

- 1) Styret vert oppnemnt av fylkestinget og skal ha 9 medlemmar. Jf. fagskulelova § 10 første ledd skal to av medlemmane ha bakgrunn frå relevant arbeids- eller næringsliv; minst ein medlem skal vere valt av og blant dei tilsette, og minst ein medlem skal vere valt av og blant studentane. Det skal veljast personlege varamedlemmar for medlemmane som er valt av dei tilsette og studentane. Det skal vere minst ein varamedlem for medlemmane frå arbeids- eller næringsliv, og minst ein varamedlem for dei andre medlemmane.
- 2) Fylkestinget vel leiar og nestleiar, eigarrepresentantar og arbeids- eller næringslivsrepresentantar. Eigarrepresentantar vert valt for fire år, og arbeids- eller næringslivsrepresentantar vert valt for to år med moglegheit for forlenging av fylkesutvalet. Tilsettrepresentant vert valt for to år, og studentrepresentant vert valt for eitt år. Tilsett- og studentrepresentant vert valt av og blant tilsette og studentar. Styremedlemmar kan veljast igjen.
- 3) Ved val av styremedlemmar gjeld likestillings- og diskrimineringslova § 28 innan den einsskilde valkrets.
- 4) Styret for Fagskolen i Hordaland og styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane skal ha følgjande samansetning:
 - a) Tre representantar frå det regionale folkevalde nivået, der ein representant vert valt frå hovudutval for opplæring og kompetanse, og ein representant frå hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon, og med to varamedlemmar.
 - b) Ein representant frå fylkesadministrasjonen med ein varamedlem etter framlegg frå fylkesrådmannen.
 - c) Tre representantar frå relevant arbeids- og næringsliv med ein varamedlem etter framlegg frå fylkesrådmannen.
 - d) Ein representant frå dei tilsette ved fagskulen med ein personleg vara valt av dei tilsette ved fagskulen.
 - e) Ein representant frå studentane ved fagskulen med ein personleg vara valt av studentane ved fagskulen.

§ 1-3 Vedtaksført styre og gjennomføring av styremøte

- 1) Styret kan fatte vedtak når meir enn halvparten av medlemane eller tilsvarande mange varamedlemar er til stades og avgjev stemme. Vedtak vert fatta med alminneleg fleirtal om ikkje anna er fastsett i fagskulelova i høve til einskilde saker. Ved likt tal på stemmer avgjer møteleiar med dobbelstemme.
- 2) Styremøta vert leia av styreleiar. Om ikkje styreleiar er til stade utpeikar styret ein møteleiar (jf. fagskulelova § 11 tredje ledd).
- 3) Styret vert kalla inn av styreleiar eller når minst to styremedlem krev det.
- 4) Det skal førast møtebok frå styremøta. Møteboka skal godkjennast av styreleiar før den vert publisert og godkjennast av styret i det påfølgjande møtet.
- 5) Styremedlemane er omfatta av arbeidsvilkår for folkevalde og får møtegodtgjersle jf. Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde.
- 6) Rektor har ansvar for sekretariatsfunksjonen for styret og har møte- og talerett i styret.

2 STYRET SITT ANSVAR, MYNDE OG OPPGÅVER

§ 2-1 Oppgåver og mynde

- 1) Styret skal bidra til å leggje premissane og utforme strategi for utviklinga av fagskuleutdanninga innafor dei mål og rammer som gjeld for fagskulen.

Styret skal sikre at fagskuleutdanningane held høg kvalitet, og at studentane får gode utdanningsvilkår.

Dei fylkeskommunale fagskulane i Vestland skal i samarbeid med offentlege instansar, bransjar, bransjeorganisasjonar og næringsverksemdar vere ein regional utviklingsaktør med fleksibilitet i tilbudsstruktur og utdanningstilbod.
- 2) Styret er, jf. fagskulelova § 9, a) og b), økonomisk og juridisk ansvarleg for all fagskuleutdanning. Styret er også økonomisk og juridisk ansvarleg for kursverksemd som vert tilbudd av fagskulen, og for å sikre at eigedom vert disponert i samsvar med gjeldande regelverk.
- 3) Styret skal leggje fram årsrekneskap med resultat og framlegg til budsjett for komande år til fylkestinget.
- 4) Ein fagskule skal ha ein rektor, og styret sjølv skal tilsette rektor. Rektor skal ha naudsynt fag- og leiarkompetanse. Studentane og dei tilsette skal verte høyrd før ein rektor vert tilsett. Om ei avgjerd i ei sak ikkje kan vente til styret kan kome saman i møte kan rektor ta avgjerd i saka. Styret kan også gje rektor fullmakt til å avgjere saker som ikkje bør utsettast til neste styremøte.
- 5) Styret sjølv skal fatte vedtak om det etter styret sitt skjønn er forsvarleg å ta opp nye studentar. Vedtaket skal fattast før studiestart jf. fagskulelova § 9 andre ledd.
- 6) Styret kan delegere avgjersler til andre ved fagskulen dersom det ikkje følgjer av fagskulelova at styret sjølv skal fatte vedtak jf. fagskulelova § 9 fjerde ledd.

- 7) Styret er ansvarleg for at det vert gjeve forskrift om opptak, eksamen, prøver og anna arbeid, samt disiplinære sanksjonar, reglar for skikkavurdering og reglar for klagehandsaming.
- 8) Fagskular skal opprette ei lokal klagenemnd som skal handsame klager over skulen sine enkeltvedtak. Styret kan bestemme at den lokale klagenemnda også skal handsame og gjere vedtak i saker etter §§ 23 til 27 i fagskulelova. Avgjerd om habilitet etter §§ 6-10 og om teieplikt etter §§ 13-13 e i forvaltningslova gjeld for handsaming av saker. Avgjerd om opptak, fritak, godskriving, avsluttande vurdering, skikkavurdering, bortvisning, utestenging, annullering av eksamen og andre disiplinære sanksjonar skal handsamast etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.

§ 2-2 Styret sitt ansvar for fagskuleutdanninga

- 1) Styret skal:
 - a) Sørge for at studentane får den utdanninga som fagskulen har akkreditering for
 - b) Sørge for at alle vilkår for eventuelle offentlege tilskot er oppfylt
 - c) Sørge for at opplysningar som vert gjeve til NOKUT, studentar og dei som søker utdanning er korrekte og fullstendige
 - d) Sørge for at det vert gjeve naudsynt informasjon og rettleiing til søkjarar og studentar ved fagskulen, mellom anna om kostnader knytt til utdanninga, studietilbod, søknadsfristar og opptakskrav.
 - e) Bestemme krav til lærarkompetanse, instruktørkompetanse og leiinga ved fagskulen.
 - f) Sørge for at verksemda vert drifta i samsvar med gjeldande lover og reglar, og etablere og sørge for gjennomføring av systematiske kontrolltiltak (internkontroll) for å sikre dette.
- 2) Styret har det overordna ansvaret for studentane sitt læringsmiljø. Styret skal, i samarbeid med studentorgana, legge til rette for eit godt og inkluderande læringsmiljø.

Sak: Nye styrer for fagskulane i Vestland

Dato	Status	Utført av
29.11.2019	Sendt til leiar	Adeline Berntsen Landro
02.12.2019	Sendt til leiar	Linda Farestveit

Status

Sendt til leiar

Godkjend

Ikkje godkjend

Saksnr: 2019/32-1
Saksbehandlar: David Aasen Sandved, Erlend Hofstad, Tor Titlestad

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	8/19	17.12.2019
Fylkestinget	36/19	17.12.2019

Verdsarvrådet for verdsarvstaden Bryggen. Val av to medlem og to varamedlem**Forslag til innstilling**

For den neste valperioden, oppnemnar Vestland fylkeskommune følgjande representantar til Verdsarvrådet for verdsarvstaden Bryggen:

1. Namn: _____ (medlem)
2. Namn: _____ (medlem)
3. Namn: _____ (vara)
4. Namn: _____ (vara)

Samandrag

Saka gjeld oppnemning av to medlemmar og to varamedlemar til Verdsarvråd for verdsarvstaden Bryggen for valperioden 2019-2023.

I førre valperiode var desse oppnemnd frå Hordaland fylkeskommune: Medlem: Kjell Håland og Mona Røsvik Strømme; Varamedlem: Beate Husa og Geir Kjell Andersland. (vedtak i Fylkestinget 12. og 13.06.2018, sak 70/18).

Verdsarvrådet er politisk samansett, med to folkevalde representantar frå Vestland fylkeskommune og to frå Bergen kommune. Kvar representant har ein vararepresentant, som møter ved fråvær. Det skal vere representasjon frå både posisjon og opposisjon. Leiarvervet vekslar mellom fylkeskommune og kommune, med ei årleg rullering. Verdsarvrådet er eit konsensusutval. Verdsarvrådet har to faglege bitsitjarar frå kulturminneforvaltinga i kvart av forvaltingsnivåa. Leiar av fagrådet er fast observatør. Andre aktørar kan kallast inn ved behov. Verdsarvkoordinatoren i Bergen kommune er sekretær for rådet.

Rune Haugsdal
prosjektleiar

Per Morten Ekerhovd
påtroppande fylkesdirektør for
kultur, idrett og inkludering

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Bryggen i Bergen vart innskriven på UNESCO si verdsarvliste i 1979 og vert med dette rekna for å ha ein uerstatteleg verdi for menneskeheita. Den statlege verdsarvpolitikken er nedfelt i Stortingsmelding 35 (2012-2013) Framtid med fotfeste (kapittel 4.8). Saman med føringane frå stortingsmeldinga er dette bakgrunnen for arbeidet med ein ny, heilskapleg struktur for arbeidet rundt verdsarvstaden Bryggen. Som del av dette er det oppretta ei statleg finansiert stilling som verdsarvkoordinator, som fungerer som kontaktperson for verdsarvstaden og nav i verdsarvarbeidet. Det er òg etablert eit verdsarvråd og eit fagråd. Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune slutta seg 31.5.2018 til denne organiseringa av verdsarvarbeidet på Bryggen (sak 142/18), og verdsarvrådet konstituerte seg i september 2018.

Verdsarvrådet har som føremål å ha overordna ansvar for å sikre ivaretaking av Verdsarvstaden Bryggen, i tråd med retningslinene knytt til verdsarvkonvensjonen og forvaltingsplanen. Til verdsarvrådets ansvars- og arbeidsoppgåver høyrer m.a. å sikre bruk av verdsarvkonvensjonen og melde frå til statsparten når verdsarven er trua, ha ansvar for samla årsrapport og bidra til den periodiske rapporteringa frå statsparten til UNESCO, ha ansvar for at det ligg føre ein forvaltingsplan og at denne vert følgd opp, sørge for at det ligg føre ein overordna strategi for formidling av verdsarven, langsiktig arbeid med mobilisering av ressursar, styrka den lokale forankringa, og vera høyrings/rådgevande organ for saker som gjeld verdsarven.

Verdsarvrådet er politisk samansett, med to folkevalde representantar frå Vestland fylkeskommune og to frå Bergen kommune. Kvar representant har ein vararepresentant, som møter ved fråvær. Det skal vere representasjon frå både posisjon og opposisjon. Leiarvervet vekslar mellom fylkeskommune og kommune, med ei årleg rullering. Verdsarvrådet er eit konsensus-utval. Verdsarvrådet har to faglege bisitjarar frå kvart forvaltingsnivå, inklusiv Fylkeskonservatoren og Byantikvaren. Leiar av fagrådet er fast observatør. Andre aktørar kan kallast inn ved behov. Verdsarvkoordinatoren er sekretær for rådet.

Val av medlem skal følge fylkeskommunal og kommunal valseklus med ordinær valperiode på fire år. Ved etableringa av rådet i 2018 vart dei følgjande valt som medlem i verdsarvrådet for Bryggen frå Hordaland fylkeskommune for resten av den inneverande fylkesvalsperioden:

Medlem: Kjell Håland og Mona Røsvik Strømme; Varamedlem: Beate Husa og Geir Kjell Andersland. (vedtak i Fylkestinget 12. og 13.06.2018, sak 70/18).

Vedtakskompetanse

Valnemnda
Vestland fylkesting

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant
Klima: Ikkje relevant
Folkehelse: Ikkje relevant
Regional planstrategi: Ikkje relevant

Konklusjon

Val av 2 medlem og to varamedlem til Rådet for verdsarvstaden Bryggen bør skje så snart dette er mogeleg og i løpet av 2019.

Saksnr: 2019/10-134
Saksbehandlar: Sigrid H Aardal

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	9/19	17.12.2019
Fylkestinget	38/19	17.12.2019

Val av medlemer til etikkutval**Forslag til innstilling**

Medlemer til etikkutvalet i Vestland fylkeskommune

- 1.
- 2.
- 3.

Samandrag

I fylkestinget 15. og 16.10.19 sak 19/10 vart det vedteke å oppretta eit Etikkutval for Vestland fylkeskommune. Utvalet skal bestå av 3 medlemer. Det må gjerast val av medlemer til dette etikkutvalet.

Rune Haugsdal
prosjektleiar

Ingrid Holm Svendsen
påtroppande fylkesdirektør for
øk. og org.avdelinga

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I fylkestinget 15. og 16.10.19 sak 19/10 vart det vedteke å oppretta eit etikkutval for Vestland fylkeskommune. Det vart vedteke reglement for dette utvalet. Utvalet skal bestå av 3 medlemmer. Det må gjerast val av medlemmer til dette etikkutvalet.

I reglement for etikkutvalet går det fram følgjande om samansetjing og mandat:

7.2 Etikkutval

Etikkutvalet skal vere ein uavhengig kvalitetssikrar for dei folkevalde i Vestland fylkeskommune i høve det etiske reglementet for folkevalde. Etikkutvalet skal kunne handtere spørsmål i vanskelege enkeltsaker eller spørsmål av ein meir prinsipiell karakter. Etikkutvalet er ikkje eit utval oppretta i medhald av kommunelovas § 5-7 slik dei reglementa for folkevalde organ er definert i «Reglement for folkevalde organ».

7.2.1 Samansetting

Etikkutvalet skal ha 3 medlemmer frå tre ulike parti. Medlemmer vert valde av fylkestinget. Medlemmer skal veljast mellom fylkestinget sine medlemmer og inneha solid politisk erfaring.

Etikkutvalet er oppretta for den fylkeskommunale perioden.

7.2.2 Utvalet sitt mandat

Bidra til tillitsskapande omdømme for Vestland fylkeskommune.

Utgreie klagar og spørsmål frå medlemmer og varamedlemmer av fylkestinget ut frå det etiske reglementet.

Gje uttale på grunnlag av sakens faktum og opp mot det etiske reglementet for folkevalde.

Uttale skal i hovudsak gjevast munnleg i det organ saka er tatt opp. Etikkutvalet kan likevel gje ei skriftleg uttale til den folkevalde dersom sakas opphav gjer at det ikkje fell naturelg å ta det opp i eit politiske organ eller lovbestemt teieplikt er til hinder for det.

Uttale skal vere gjeven innan to veker frå saka kom til etikkutvalets leiar.

7.2.3 Rutinar for å melde sak til etikkutvalet

Alle folkevalde har rett til å melde inn sak til etikkutvalet. Saka meldast direkte til etikkutvalets leiar og tilvisinga skal vere skriftleg.

Saka vil bli arkivert i fylkeskommunen sak- og arkivsystem, men den vil ikkje bli gjort offentleg i den grad at den vil verte publisert på fylkeskommunens nettsider.

Av pkt.7.2.1 går det fram at etikkutvalet skal ha 3 som skal velgjast mellom fylkestinget sine medlemmer. Dei 3 medlemmane skal koma frå tre ulike parti og ha solid politisk erfaring.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget, Reglement for fylkestinget

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkestinget vel 3 medlemmer til etikkutvalet i Vestland fylkeskommune.

Saksnr: 2019/151-1
Saksbehandlar: Eva Vinjevoll

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	10/19	17.12.2019
Fylkestinget	42/19	17.12.2019

Nominasjon av styremedlem i Trygg Trafikk**Forslag til innstilling**

Vestland fylkeskommune foreslår følgjande som medlem i styret til Trygg Trafikk

1. xxxxxx
2. xxxxxx

Samandrag

I brev 15.11.2019 vart fylkeskommunen, som medlem av Trygg Trafikk, beden om å fremme grunngjeve forslag på medlemar til Trygg Trafikk sitt styre for tidsrommet 2020 - 2022. Styret skal nemnast opp på Trygg Trafikk sitt landsmøte den 21.04.2020. Frist for å foreslå kandidatar er 30.01.2020.

Rune Haugsdal
prosjektleiar

Håkon Rasmussen
påtroppande fylkesdirektør for
mobilitet og kollektiv

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.

Vedlegg

- 1 TT - nominasjon

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I brev 15.11.2019 vart fylkeskommunen, som medlem av Trygg Trafikk, beden om å fremme grunngjeve forslag på medleamar til Trygg Trafikk sitt styre for tidsrommet 2020 - 2022. Styret skal nemnast opp på Trygg Trafikk sitt landsmøte den 21.04.2020. Frist for å foreslå kandidatar er 30.01.2020.

Vedtakskompetanse

Frå Vestland sitt politiske reglement

Valnemnda gir innstilling i saker om val, der avgjerda om valet ligg til fylkestinget. Valnemnda sitt arbeidsområde er å leggje fram forslag til medlemer, varamedlem, leiar og nestleiar i fylkeskommunen sine råd og utval, kor ikkje anna er fastsett i lov eller i reglement.

Fylkesutvalet har mynde til å ta avgjerd i saker som gjeld oppnemning av representantar til styrande organ i selskap, stiftingar og liknande, når avgjerda ikkje kan venta til fylkestinget er samla. For valnemnda gjeld reglement for saksbehandling.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

I brev 15.11.2019 vart fylkeskommunen, som medlem av Trygg Trafikk, beden om å fremme grunngjeve forslag på medleamar til Trygg Trafikk sitt styre for tidsrommet 2020 - 2022. Styret skal nemnast opp på Trygg Trafikk sitt landsmøte den 21.04.2020. Frist for å foreslå kandidatar er 30.01.2020.

Styret har sju medleamar og fire varamedlem. I år er tre styremedlemer og to varamedlem på val. Benthe Bondhus er leiar for valnemnda.

Trygg Trafikk ber om at alle medlemsorganisasjonane foreslår to kandidatar kvar, ei kvinne og ein mann.

Konklusjon

Valnemnda innstiller på to kandidatar til styret til Trygg Trafikk, og Fylkestingen vedtar kandidatane.



TRYGG TRAFIKK

Til Trygg Trafikks medlemmer

Tullingsgt 2, 0166 Oslo
Postboks 277 Oslo Sentrum
NO-0103 Oslo, Norway

Tlf: +47 22 40 40 40
Faks: +47 22 40 40 70

Dato: 15. november 2019
Vår ref.: VK-LM 2019 – JJ/BB

hovedkontor@tryggtrafikk.no
www.tryggtrafikk.no

Forslag på medlemmer til Trygg Trafikks styre for perioden 2020 – 2022

Trygg Trafikks landsmøte 2020 er berammet til **21. april**. En av de vedtektsfestede sakene på dette møtet er valg av medlemmer/varamedlemmer til vårt styre. Forslag på kandidater til styret må være valgkomiteen i hende senest to måneder før landsmøtet.

Trygg Trafikks administrasjon har fått i oppdrag fra valgkomiteens leder Benthe Bondhus, å be organisasjonens medlemmer om å fremme begrunnede forslag på medlemmer til Trygg Trafikks styre for tidsrommet 2020 – 2022.

På kommende landsmøte er tre styremedlemmer og to varamedlemmer på valg.

Valgkomiteen ønsker at forslag på aktuelle kandidater sendes:

Trygg Trafikk, boks 277 Oslo sentrum, 0103 Oslo eller på e-post til
dhillon@tryggtrafikk.no

innen 30. januar 2020

Valgkomiteen ber om at medlemsorganisasjonene gjerne foreslår to kandidater, en kvinne og mann. Dette vil gjøre at komiteen får flere kandidater til vurdering. En oversikt over styrets nåværende sammensetning vedlegges.

Forespørsler i tilknytning til ovenstående kan rettes til valgkomiteens leder Benthe Bondhus, tlf.: 99 56 76 96 eller direktør Jan Johansen, tlf.: 90 59 87 30.

Med vennlig hilsen
Trygg Trafikk

Jan Johansen
Direktør

Trygg Trafikks styremedlemmer og funksjonstid

Leder

Tomas Iver Hallem (2017-2021)	Trøndelag fylke	Til landsmøtet 2021
----------------------------------	-----------------	---------------------

Nestleder

Aase Simonsen (2016-2020)	Rogaland fylke	Til landsmøtet 2020
------------------------------	----------------	---------------------

Medlemmer

Eldar Meling (2017-2021)	Politiets Fellesforbund	Til landsmøtet 2021
-----------------------------	-------------------------	---------------------

Trude Hagland (2017-2021)	Nordland fylke	Til landsmøtet 2021
------------------------------	----------------	---------------------

Knut Duesund (2018-2020)	Telemark fylke	Til landsmøtet 2020
-----------------------------	----------------	---------------------

Hans-Jørgen Molvig (2018-2020)	Finans Norge	Til landsmøtet 2020
-----------------------------------	--------------	---------------------

Anne M. Jordheim	Ansattes representant	Til landsmøtet 2021
------------------	-----------------------	---------------------

Varamedlemmer

1. Elisabeth F. Kristoffersen (2017-2021)	MA Rusfri Trafikk	Til landsmøtet 2021
----------------------------------------------	-------------------	---------------------

2. Ketil Nordengen (2017-2020)	Akershus fylke	Til landsmøtet 2020
-----------------------------------	----------------	---------------------

3. Mari Siljebråten (2018-2020)	Troms fylke	Til landsmøtet 2020
------------------------------------	-------------	---------------------

Torunn Mevik	Ansattes vara	Til landsmøtet 2021
--------------	---------------	---------------------

Saksnr: 2019/11-6
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	11/19	17.12.2019
Fylkestinget	41/19	17.12.2019

Søknad om permisjon frå verv i Vestland fylkeskommune**Forslag til innstilling**

1. Pauline Tomren får permisjon frå verv som medlem til fylkestinget, medlem i hovudutval for opplæring og kompetanse, varamedlem til fylkesutvalet, varamedlem til hovudutval for kultur, idrett og integrering, varamedlem til administrasjonsutvalet, varamedlem til Vestlandsrådet, varamedlem til finansutvalet, varamedlem til fylkesvalstyret, varamedlem til valnemnda, varamedlem til planutvalet og varamedlem til konstituerenda KS-møte, i tida 01.10.2019 til og med den 31.03.2020.
2. For den tida Pauline Tomren har permisjon, i tida 01.10.2019 til og med den 31.03.2020 vel fylkestinget et settemedlem, i verva til Tomren:
 - a) Medlem til fylkestinget
 - b) Medlem i hovudutval for opplæring og kompetanse
 - c) Varamedlem til fylkesutvalet
 - d) Varamedlem til hovudutval for kultur, idrett og integrering
 - e) Varamedlem til administrasjonsutvalet
 - f) Varamedlem til Vestlandsrådet
 - g) Varamedlem til finansutvalet
 - h) Varamedlem til fylkesvalstyret
 - i) Varamedlem til valnemnda
 - j) Varamedlem til konstituerande KS-møte
 - k) Varamedlem til planutvalet

Samandrag

Representanten Pauline Tomren har søkt om permisjon frå politiske verv i Vestland fylkeskommune. Ho søker permisjon då ho skal på utveksling dei neste seks månadene til Singida i Tanzania for å jobbe i organisasjonen SEMA. Det vert søkt om permisjon i tidsrommet 01.10.2019 fram til og med den 31.03.2020. Ho er tilbake den 01.04. 2020. Pauline Tomren er folkevald for partiet MDG.

Påtroppande fylkesrådmann rår til at representanten Pauline Tomren får permisjon frå politiske verv i Vestland fylkeskommune i tida 01.10.2019 til og med 31.03.2020 i den tida ho er i Tanzania på utveksling.

Dersom det vert innstilt på at Pauline Tomren får permisjon frå sine politiske verv i Vestland fylkeskommune, må det gjerast innstilling til nye val for den tida Pauline Tomren har permisjon.

Rune Haugsdal
Prosjektleiar

Ingrid Kristine Holm Svendsen
påtroppande fylkesdirektør for organisasjon og økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Representanten Pauline Tomren har i E-post den 02.10.2019 søkt om permisjon frå politiske verv i Vestland fylkeskommune i tidsrommet 01.10.2019-31.03.2020. Ho skriv:

«Eg ønsker også å søke permisjon frå og med no, fram til 1. april 2019, siden eg er på utveksling fram til da».

I E-post av 07.10.2019 og 22.10.2019 har Tomren gjeve ei redegjering på kvifor ho søker permisjon. Ho skriv:

«Eg treng permisjon frå oktober 2019 fram til 1. april 2020, sidan eg er på utveksling dei neste 6 månadane. Eg går på eit årsstudie i interkulturell kommunikasjon på fagskulen Hald internasjonale senter, kor vi har obligatorisk praksis i på eit halvt år i ein av samarbeidspartnarane til Strømmestiftelsen i utlandet. Eg er på utveksling i Singida, i Tanzania for å jobbe i organisasjonen SEMA, som gjer det vanskeleg for meg å reise til fylkestingsmøta. Derfor håper eg å få innvilga permisjon fram til eg er tilbake til Noreg 1. april, 2020.»

«Nominasjonsprosessen til MDG Vestland var før eg fekk tilbod om plass på utvekslinga. så eg takka ja til å stå på liste før eg viste at eg skulle på utveksling. Eg trudde det kom til å bli uproblematisk å dra på utveksling fordi eg trudde eg kom til å få varaplass på fylkestinget da eg takka ja til studieplassen, på grunn av målingane til partiet mitt på den tida.

Elles kan eg nemne at utveksling frå oktober til mars er ein obligatorisk del av studiet mitt, som ein ikkje kjem utanom på fagskulen min.»

Pauline Tomren har fylgjande verv i Vestland fylkeskommune:

- a) Medlem til fylkestinget
- b) Medlem i hovudutval for opplæring og kompetanse
- c) Varamedlem til fylkesutvalet
- d) Varamedlem til hovudutval for kultur, idrett og integrering
- e) Varamedlem til administrasjonsutvalet
- f) Varamedlem til Vestlandsrådet
- g) Varamedlem til finansutvalet
- h) Varamedlem til fylkesvalstyret
- i) Varamedlem til valnemnda
- j) Varamedlem til konstituerande KS-møte
- k) Varamedlem til planutvalet

Rettsleg grunnlag:

Permisjon (og fritak) frå teneste i verv på grunnlag av søknad er regulert i kommunelova § 7-9 nr. 2 som lyder:

«Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt. Den som ikke har nådd stemmerettsalderen, har krav på fritak hvis han eller hun søker om det.»

Om korleis denne regelen er å forstå, går det fram i kommentarene til kommunelova (Overå/Bernt, Kommuneloven med kommentarer). Kommentarene gjaldt den førre kommunelova, men dei har framleis verdi, i tolkinga av den nye kommunelova. Her går det fram:

«Fritak er betinget av at vedkommande «ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjønne sine plikter i vervet». Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdsegrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører. Avgjørelsen må nødvendigvis bli temmelig skjønnsmessig. Forhold som politisk motgang, endret politisk oppfatning eller utilfredshet med organets arbeid vil imidlertid etter tradisjonell lære som utgangspunkt ikke kunne kvalifisere til fritak. Men etter at man i loven nå også har tatt inn ordet «belastning» som alternativ til «vanskelighet», kan man ikke helt utelukke slike forhold som fritaksgrunn i situasjoner hvor de har ført til helsemessige eller sosiale belastninger for et medlem, Jf. NOU 1990: 13 s. 185 hvor det blant annet uttales: «Utvalget vil vise til at det kan være usikkert hvor langt begrepet «uforholdsmessig vanskelighet» rekker og foreslår derfor formuleringen»den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet *eller belastning...*» for å klargjøre at det også kan være andre forhold enn de som er nevnt overfor som kan gjøre det svært vanskelig for en representant å fortsette i vervet, og hvor det derfor kan være rimelig å frita vedkommende.»

Vurdering:

Det går fram av kommunelova § 7-9 2. ledd at kommunestyret og fylkestinget *kan* etter søknad frita, den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valperioden, hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne. Problemstillinga her er om Pauline Tomren kan skjønne sine pliktar som folkevald i Vestland fylkeskommune utan at «det fører til vesentlig ulempe for henne». Det går fram av både kommunelova og kommentarane til kommunelova, at det skal mykje til for at ein representant skal få permisjon/fritak frå eit politisk verv. I kommentarane til kommunelova vert det og vist til at «*Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdsgrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører.*».

Pauline Tomren skal på utveksling til Tanzania i tidsrommet 01.10.2019 til og med 31.03.2020. Ein kan her sjå at det kan bli vanskelig for ho å skjønne sine politiske verv i Vestland fylkeskommune i den tida ho er i Tanzania. Det er lang avstand frå Vestland fylkeskommune til Tanzania. Sjølv om det skal leggast til grunn ei streng vurdering for å gje permisjon finn fylkesrådmannen at desse verva er vanskeleg å kombinere på ein god måte i den tida ho er i Tanzania.

Det går fram av lov (og førearbeider) at det ved vurdering av søknaden skal leggast vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent då den folkevalde samtykka i å stille til val. Det går fram av saka at Nominasjonsprosessen til MDG Vestland var før ho fekk tilbod om plass på utvekslinga. Ho takka difor ja til å stå på liste før ho viste at eg skulle på utveksling. Ho trudde det kom til å bli uproblematisk å dra på utveksling, då trudde at ho kom til å få ein varaplass på fylkestinget. Dette på grunn av målingane til partiet hennar på den tida. Fylkesrådmannen finn her at grunnlaget for søknaden ikkje var kjent på det tidspunktet den folkevalde/Tomren samtykka i å bli vald.

Sjølv om det skal leggast til grunn ei streng vurdering for å gje permisjon er det fylkesrådmannen si klare vurdering at desse verva er vanskeleg å kombinere på ein god måte i den tida ho er i Tanzania. Fylkesrådmann rår difor til at det vert gitt permisjon og føreteknede suppleringsval.

Dersom Tomren får permisjon frå sine politiske verv i Vestland fylkeskommune, bør det gjerast suppleringsval for den tida ho har permisjon. Kommunelova § 7-10 1. ledd, og 2.-7. ledd som gjeld opprykk og nyvalg, regulerer dette forholdet.

Kommunelova § 7-10, 2. ledd lyder:

«Hvis en folkevald i andre organer enn kommunestyret og fylkestinget er innvilget fritak i minst tre måneder, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge et settemedlem for den perioden fritaket gjelder. Ved val av et settemedlem skal rekkefølgen på listen for varamedlemmer følges.»

Vedtakskompetanse

Reglement for valnemnda, pkt. 2:

«Valnemnda gir innstilling i saker om val der avgjerda om valet er lagt til fylkestinget», Jfr. reglement for fylkestinget pkt. 2.4 «om val».

Vurderingar og verknader

Økonomi: Inga effekt. Midlar for møteverksemnda er innarbeid i budsjetta.

Klima: Inga direkte verknad.

Folkehelse: Inga direkte verknad.

Regional planstrategi: Inga direkte verknad.

Konklusjon

Pauline Tomren får permisjon i tidsrommet 01.10.2019 til og med den 31.03.2020 frå politiske verv i Vestland fylkeskommune.

Det bør gjerast val av settemedlem for den tida ho har permisjon/fritak.